

Eksamensoppgaver og sensorveiledning HIS2426, 2022

Svar på én av oppgavene nedenfor.

Bokmål

1. Hvilke spesielle kjennetegn har den norske okkupasjonshistorien sammenlignet med den til andre land okkupert av Nazi-Tyskland?
2. Redegjør for dilemmaene og avveiningene de ansvarlige for landssvikoppgjøret i Norge sto overfor.
3. Drøft hva som påvirket overlevelsessjansene for norske jøder under krigen.

Nynorsk

1. Kva spesielle kjenneteikn har den norske okkupasjonshistoria samanlikna med den til andre land okkuperte av Nazi-Tyskland?
2. Gjer reie for dilemmaa og avveigingane dei ansvarlege for landssvikoppgjeret i Noreg sto overfor.
3. Drøft kva som påverka sjansane for norske jødar til å overleva krigen.

English

1. What are the special characteristics of the Norwegian occupation history compared to that of other countries occupied by Nazi Germany?
2. Describe the dilemmas and compromises those responsible for the post-war treason trials in Norway faced.
3. Discuss what influenced the chances of survival for Norwegian Jews during the war.

Sensorrettleiing HIS2426 - Norge under hakekorset 1940-1945 – et internasjonalt perspektiv

Eksamen i HIS2426 har som mål å gje studentane mogelegheit til å visa i kor stor grad dei evner å forstå og resonnera rundt sentrale spørsmål ved norsk og europeisk okkupasjonshistorie. Fokus i pensum og førelesingar har vore på kompleksiteten bak dei dramatiske og grufulle hendingane under andre verdskrig. Eit sentralt kriterium for å gje ei svar på eksamensoppgåver ein god karakter blir difor i kor stor grad studenten viser evne til å forstå den vanskelege røynda folk måtte forholde seg til under krigen. Dette må samstundes ikkje gå over til fullstendig relativisme. Erkjenninga av at einskildmenneske i ulik grad framleis kunne ta val med konsekvensar for seg sjølv og andre må vera på plass.

HIS2426 har følgande eksamensoppgåver:

Svar på éi av desse oppgåvene:

1. Kva spesielle kjenneteikn har den norske okkupasjonshistoria samanlikna med den til andre land okkuperte av Nazi-Tyskland?

2. Gjer reie for dilemmaa og avvegingane dei ansvarlege for landssvikoppgjeret i Noreg sto overfor.
3. Drøft kva som påverka sjansane for norske jødar til å overleva krigen.

Desse skal svarast på i løpet av ein tredagars heimeeksamen. Heimeeksamen inneber at det stillast krav til at studentane skal bruka referansar i teksten. Alle oppgåvene er sjølvstøtt mogeleg å svara på ut frå pensum og førelesingar. Kva som er relevant litteratur for kvar eksamensoppgåve bør gå ganske klart fram gjennom å halda saman lista over førelesingar med oppgåvene. Andre krav til eksamen ligg på emnesidene.

Oppgåvene er relativt opne, men nokre kjernemoment bør vera med for å gje ein god karakter. For kvar einskild oppgåve er det som følgjer:

Oppgåve 1:

- Innsikt i konsekvensane av den tyske klassifiseringa av nordmenn som «germanarar» hadde for handsaminga av den norske majoritetsbefolkninga
- Innsikt i den spesielle rolla for NS
- Kjennskap til at i europeisk samanheng var norske tapstal låge.
- Kjennskap til forsøket på å vinna nordmenn for nazismen.
- Bonus om ein kjenner til at Noreg var tilført økonomiske ressursar, og ikkje søkt plyndra som mange andre okkuperte land

Oppgåve 2:

- Innsikt i at kollaborasjon hadde vore så utbreidd at ein ikkje kunne rettsforfølga alt
- Kjennskap til problema kriminalisering av NS-medlemsskap førte med seg
- Kjennskap til behovet for å tilfredsstilla ønske om hemn og rettferd i befolkninga
- Bonus: Nemna erkjenninga av at dommane vart kortare over tid, og at dette var urettvist overfor dei tidleg dømde

Oppgåve 3:

- Innsikt i effektane av geografi – lågare overlevingsrate på Vestlandet og på bygdene. Høgast i Oslo
- Innsikt i at jødar gift med ikkje-jødar ikkje vart deporterte
- Drøfting av viktigheita av kontaktar og nettverk for å koma seg i skjul og ut av landet
- Drøfting av effekten av haldningar og handlingar til dei som fekk ordren om å arrestera jødane
- Drøfting av jødane sine eigne handlingar – valet å gå i skjul og flykta.